



Vest-Agder Ungdomslag
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>
Org nr: 971 119 950
Bank: 6319 12 60890

Eit fylkeslag i
Noregs Ungdomslag

ÅRSMØTEPROTOKOLL VEST-AGDER UNGDOMSLAG

TORS DAG 31. MARS 2022

Årsmøtet vart endeleg avvikla fysisk denne gongen – på Heimtun hjå UL Lyngdølen. Etter lasagne med brød, vart det opprop av Guro Jeppestøl og konstituering av møtet v/skrivaren før Tønnes Seland overtok møteleiarjobben. Desse deltok på møtet: BUL-Kristiansand v/Reidun Bru Loland, Kari Mysen Bjørg Aurebekk, Flekkefjord UL og ML v/Torhild Egeland, Greipstad UL v/Knut Homme og Liv Arvidsson, Grindheim UL v/Tønnes Seland, Halse UL v/Geir Henning Omdal, Holum UL v/Reidar Hommen, Natalie Lascombe og Mona Katrine Kristiansen (observatør), Iveland UL v/Tone Karoline Solberg, Kvina UL v/Arne Haugland og Kjell Gulliksen, Kvås UL v/Wenche Espeland, Lindesnes UL v/Laila Herstøl og Cesare Sciardi, Lista UL v/Tor Steinar Fromreide og Hilde Stave, Marnardal UL v/Birger Bårdsen, Søgne UL v/Steinar Endresen, Hege Endresen, Einar Bjelland og Sondre Bodin, UL Lyngdølen v/Bernt Jarl Fardal og Sigrun Birkeland og Øvrebo UL v/Anne-Grethe Langdal og Tina Langdal Tørstad. Frå fylkesstyret møtte Audar Solberg, Guro Jeppestøl, Mari Fjermedal, Tom Leroy Tjelland og Anne-Beate Guldahl. Agder folkemusikk- og folkedansnemnd var representert v/leiarer Gunvor Syvertsen, fondstyret møtte ved leiarer Ole Tom Stokkeland (utan røysterett) og valnemnda vart representert av Hilde Stave (utan røysterett). I tillegg møtte skrivaren Borghild Løver, observatør Svein Jepsen, rekneskapsfører Siss Ågedal og heidersmedlem Brit Versland, alle utan røysterett. Totalt møtte altså 15 lokallag, som tilsaman hadde 27 røyster. Med dei 5 i styret, vart det 32 røysteføre.

Sak 1: Opning

Borghild Løver ynskta velkomen på vegner av UL Lyngdølen.

Sak 2: Opprop og godkjenning av utsendingar

Guro Jeppestøl tok oppropet av dei frammøtte årsmøtedeltakarane. Årsmøtet godkjende utsendingane. Dei frammøtte som ikkje hadde røysterett, fekk talerett.

Sak 3: Godkjenning av innkalling

Det var ingen merknader til innkallinga, og årsmøtelyden godkjende denne.

Sak 4: Val av ordstyrar, referentar, utsendingar til å skrive under årsmøteprotokollen og teljekorps

Desse vart samrøystes valde:

Ordstyrar: Tønnes Seland.

Referentar: Borghild Løver og Reidun Bru Loland.

Til å skrive under årsmøteprotokollen: Tor Steinar Fromreide og Anne-Grethe Langdal.

Teljekorps: Ole Tom Stokkeland, Tina Langdal Tørstad og Guro Jeppestøl.

Sak 5: Godkjenning av sakliste

Saklista vart samrøystes godkjend, med roking av rekneskapan (sak 7) slik at den vart gjennomgått fyrst.

Sak 6: Årsmeldingar

a) Styret

Styret si årsmelding vart lagt fram av Audar Solberg. Kommentar om at heimesida (www.vaul.no) bør oppgraderast oftare, at det bør kallast inn til samrådsmøte (fysisk og/eller digitalt) med aktuelle tema, styremøtereferat bør sendast ut oftare, og Vest-Agder Musikkråd har endra namn til Agder Musikkråd, som ingen (Paul Sveinall gjekk ut i 2020) representerer VAUL her. Årsmeldinga vart samrøystes godkjend med desse merknadene.

b) Agder folkemusikk- og folkedansnemnd

Skrivar:
Borghild Løver
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Telefon: 97 06 44 85
E-post: vest-agder@ungdomslag.no

Kasserar:
Siss Ågedal
Marnarv. 2234, 4534 Marnardal
Telefon: 915 52 970
E-post: siss.agedal@online.no



Vest-Agder Ungdomslag
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>
Org nr: 971 119 950
Bank: 6319 12 60890

Eit fylkeslag i
Noregs Ungdomslag

Leiar Gunvor Syvertsen presenterte årsmeldinga, som vart samrøystes godkjent.

c) **Fondstyret**

Ole Tom Stokkeland presenterte årsmeldinga som vart samrøystes godkjend. Fondstyret tilrår eit uttak frå fond på inntil 420.000 kr for 2022. Fondstyret gir ut lån til lokallag som treng å investere i ungdomshusa, per no er det Grindheim UL og Marnardal UL. Fondstyret har ei øvre grense for utlån på 800.000 kr (10% av fondet), og maksgrensa for eit lokallag er om lag 200.000 kr. Strategien for fondet er å oppretthalde ein andel på 10-20% av kapitalen i eigedom.

Sak 7: Rekneskapen 2021

Rekneskapen vart gjennomgått av kasserar Siss Ågedal. Ho tok årsmøtelyden gjennom rekneskapen for Bondeheimsfondet fyrst, og her var det ikkje betalt inn avdrag på låna – som nok har bakgrunn i dei vanskelege tidene i pandemien. Rekneskapen synte inntekter på 213.551 kr (155.000 kr tilført frå fond) og utgifter på 182.378 kr for året 2021. Det var dermed eit overskot på 31.173,20. Den låge aktiviteten skuldast pandemiåret og nedstenginga av samfunnet store delar av året. Revisjonsmelding frå Silje Djuvik Støle låg føre, så rekneskapen var revidert og funnen i orden.

Eigenkapitalen per 31.12.2021 var på 614.945 kr.

Rekneskapen for Vest-Agder UL og rekneskapen for Bondeheimsfondet vart samrøystes godkjend.

Sak 8: Innkomne framlegg

Det var tre framlegg for årsmøtet å handsame.

Greipstad UL v/Knut Homme hadde eit framlegg som gjekk på at fylkeslaget skulle ta større ansvar for drift av ungdomshus. Årsmøtelyden gjekk samrøystes inn for styret si innstilling: *Vest-Agder Ungdomslag kan ikkje gå direkte inn i forhandlingar, men kan gjerne gje generelle råd, og legg opp til fylkessamling om: forhandlingsteknikk, innsending av A05-skjema for friviljuge lag, god husdrift med økonomistyring og utveksling av kompetansen rundt om.*

Årsmøtet i Vest-Agder Ungdomslag oppmodar Noregs Ungdomslag til å jobbe aktivt for fritak for dei kommunale avgiftene på ungdomshusa.

Frå styret var det framlegg om bidrag til Nordleik, som òg årsmøtet gjekk samrøystes inn for:

Vest-Agder Ungdomslag set av 33.500 kr til Nordleik kvart år i 3 år, totalt 100.500 kr, som vert øyremerkd dugnadsinnsatsen til lag i Vest-Agder som kan tenkje seg å ta vakter på skulane under Nordleikstemnet.

Til sist var det **framlegg frå AFF (Agder folkemusikk- og folkedansnemnd) om eit filmprosjekt** som Tor Steinar fortalde nærare om:

50.000 kr blir lagt inn i budsjettet til Agder folkemusikk- og folkedans-nemnd til dette prosjektet, som i tillegg søkjer om 100.000 kr frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Årsmøtet gjekk samrøystes inn for framlegget.

Sak 9: Arbeidsprogram for VAUL i 2022

Som vanleg vart det lagt fram eit omfattande arbeidsprogram som Mari Fjermedal la fram.

Liv Arvidsson kom med kommentar om at punkt 3, 5, 6, 16, 12 og 18, var viktigast, og då særleg punkt 12.

Arbeidsprogrammet vart samrøystes godkjent.

Skrivar:
Borghild Løver
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Telefon: 97 06 44 85
E-post: vest-agder@ungdomslag.no

Kasserar:
Siss Ågedal
Marnarv. 2234, 4534 Marnardal
Telefon: 915 52 970
E-post: siss.agedal@online.no



Vest-Agder Ungdomslag
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>
Org nr: 971 119 950
Bank: 6319 12 60890

Eit fylkeslag i
Noregs Ungdomslag

Sak 10: Budsjett 2022

Budsjettet vart lagt fram av Tom Leroy. Budsjettet balanserte med 413.000 kr i inntekter og kostnader. Frå fondet var det sett opp uttak på 350.000 kr i 2022. AFF si ramme på 150.000 kr var fordelt slik: filmprosjekt 50.000, samarbeidsdans 40.000, vår/haustfest 40.000, hallingdans 5.000, sommarleir 15.000. Budsjettet vart samrøystes vedteke.

Sak 11: Val

Valnemnda sitt framlegg vart samrøystes vedteke:

Styret i VAUL:

Leiar Audar Solberg, Marnardal UL	attval for 1 år
Medlem Anne-Beate Guldal, BUL-Kr.sand	attval for 2 år
Medlem Tom Leroy Tjelland	attval for 2 år
Medlem Guro Jeppestøl, Iveland UL	ikkje på val, 1 år att
Medlem Mari Fjermedal, Iveland UL	ikkje på val, 1 år att
1. varamedl. Gunn Lieng, Halse UL	attval for 1 år
2. varamedl. Cesare Sciardi, Lindesnes UL,	attval for 1 år

Styret utnemner kasserar.

Fondstyret:

Leiar Ole Tom Stokkeland, Kvås UL	attvald for 1 år
Medlem Harald Samuelsen, Lista UL	ikkje på val, 1 år
Medlem Linda Rabbe Haugen, Framsteg UL	attvald for 2 år
Medlem Roy Stensland, UL Lyngdølen	attvald for 2 år
Varamedl. Reidun Bru Loland, BUL-Kr.sand	nyvald for 1 år

Agder folkemusikk- og folkedansnemnd:

Styret utnemner tillitsvalde **skriftleg**.

Redaksjonsnemnda til Unge Agder, papir- og nettavis:

Styret utnemner tillitsvalde til denne nemnda **skriftleg**.

Revisor:

Årsmøtet valde Tønnes Seland til ettersyn (revisjon) av rekneskapen for 1 år.

Valnemnda:

Medlem Tom Kåre Flottorp, Hægeland UL	nyvald for 2 år
Medlem Borghild Løver, Lindesnes UL	ikkje på val, 1 år att
Medlem Reidar Hommen, Holum UL	ikkje på val, 1 år att

1. varamedl. Osmund Valand Eikeland, Halse UL, attvald for 1 år
2. varamedl. Solveig Mjåland, Vennesla fril. ULnyvald for 1 år

Utsendingar til NU-årsmøtet:

I prioritert rekkjefølgje:

Borghild Løver

Mari Fjordheim Fjermedal

Resten av styret i VAUL, inkl. varamedlemene

Lokallagsstyra

Skrivar:

Borghild Løver

Postboks 81, 4523 Lindesnes

Telefon: 97 06 44 85

E-post: vest-agder@ungdomslag.no

Kasserar:

Siss Ågedal

Marnarv. 2234, 4534 Marnardal

Telefon: 915 52 970


E-post: siss.agedal@online.no




Vest-Agder Ungdomslag
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Heimeside: <http://vest-agder.ungdomslag.no>
Org nr: 971 119 950
Bank: 6319 12 60890


Eit fylkeslag i
Noregs Ungdomslag

Underskrift av referentar:


Borghild Løver


Reidun Bru Loland

Valde utsendingar til å skrive under årsmøteprotokollen:


Tor Steinar Fromreide


Anne-Grethe Langdal Tørstad

Straks etter årsmøtet var det loddtrekkjing på dei 15 laga som var til stades. Iveland UL og Flekkefjord UL og ML vann premien på 2.000 kr kvar.

Skriver:
Borghild Løver
Postboks 81, 4523 Lindesnes
Telefon: 97 06 44 85
E-post: vest-agder@ungdomslag.no

Kasserar:
Siss Agedal
Marnarv. 2234, 4534 Marnardal
Telefon: 915 52 970
E-post: siss.agedal@online.no